



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 14.02.2019  
Vår ref.: 2014/19850-29  
Saksbehandlar: snowaag  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til kommuneplan for Radøy, delrevisjon av arealdelen - 1. gongs høyring

Hordaland fylkeskommune viser til brev datert 20.11.2018 om offentlig ettersyn av forslag til delrevisjon av kommuneplanen sin arealdel, for Radøy kommune.

Hordaland fylkeskommune har vurdert kommuneplanen ut frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

I møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling den 12. februar 2019, vart det fatta følgjande vedtak:

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* vurderer arealdelen til kommuneplanen som eit tenleg styringsreiskap for Radøy kommune, med tydelege føresegner, planskildring og plankart.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner det er positivt at kommunen ønskjer å tilpasse *landbruks-, natur og friluftsområder* i kommuneplanen til faktisk lovleg arealbruk, som gjer meir føreseielege rammer for tiltak, og samstundes reduserer behovet for dispensasjonar. Det er positivt at kommunen oppgraderar kommuneplanen i forkant av kommunesamanslåinga i 2020.
3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at framtidsetta forvaltning av strandsona er av både nasjonal og regional interesse. Kartlegging av funksjonell strandsona er ein viktig strategi i strandsonepolitikken i Hordaland, og utvalet stiller seg positivt til at kommunen har gjort dette som del av planarbeidet.
4. Føresegner og retningsliner for arealbruk til handel i regional plan (4.1 og 4.2) må innarbeidast i føresegner og retningsliner til arealdelen av kommuneplanen. Det er knytt **motsegn** til dette punktet om det ikkje vert gjort.
5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner det er positivt at kommunen gjer avklaringar om arealbruk i sjø. Tydeleggjering av arealkategoriar som opnar for akvakultur i kommuneplanen er viktig for både kommunen, fylkeskommunen og andre sektormyndar, og skapar meir føreseielege rammer for planlegging og aktivitet for akvakulturnæringa.
6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at Radøy kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningsliner som sikrar langsiktig vern av kulturminne og kulturmiljø.

7. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* fremjar **motsegn** til Radøy kommune sin delrevisjon av kommuneplanens arealdel 2011 – 2023, som er i strid med kulturminne av nasjonal interesser, på følgjande punkt:
- I. Områder som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkelig integrert i plankartet. Alle automatisk freda kulturminne skal visast i plankartet.  
  
*Motsegn fell bort når kommunen synleggjer alle dei automatisk freda kulturminna med tilhøyrande sikringssone som omsynssone.*
  - II. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Manger, Sæbø og Hordabø mellomalderkyrkjestader må innarbeidast i planføresegna, og visast i plankartet.  
  
*Motsegn fell bort om kommunen tek omsyn til Riksantikvarens krav*
  - III. Nokre av områda definert som LNF – SBE inneheld registrerte automatisk freda kulturminne. Dette gjeld:
    - Askeladden id. 135339 i Vetås (gnr. 86, bnr. 3).
    - Askeladden id. 55258 i Olsvoll (gnr. 74, bnr. 49).
    - Askeladden id. 85030 i Sæbø (gnr. 88, bnr. 5 og 4).  
*Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommuneplan for aktuelle automatisk freda kulturminne.*
  - IV. Områda definert innafor LNF - SBE med unntak av dei nemnd i punkt III må reduserast.  
  
*Motsegn fell bort når byggeområdet blir meir i tråd med føresegna sitt formål og innskrenka til å gjelde eksisterande hus med opparbeida hage.*
8. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege kulturminnefaglege merknader som det ikkje er knytt motsegn til, desse er lista opp i saksframlegget. Me ber kommunen om å ta omsyn til desse i sitt endelege plandokument.
- I. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber kommunen om å endre område Fosenstraumen/Rapeneset vist som H-730 til H-570, og at det enkelte automatisk freda kulturminnet med tilhøyrande sikringssone blir vist som H-730 omsynssone d. Me ber også om at det blir knytt konkrete planføresegner og retningslinjer til områda.
  - II. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanens areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om byggeområder og LNF spreidd (LNF-SBE og LNF-SB) i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøve til automatisk freda kulturminne er avklart. Dette gjeld både land- og sjøområder.
  - III. Føresegn 2.16 tredje og fjerde ledd er uklar og må endrast til: *Hordaland fylkeskommune/Riksantikvar har uttalerett i alle søknadspliktige tiltak som gjeld riving eller vesentleg endring av ikkje-freda bygg og anlegg eldre enn 1850 samt listeførte kyrkje og den indre farleia.*
  - IV. Under føresegn 4.11 må følgjande settast inn: *Hordaland fylkeskommune er forvaltningsmynde i høve kulturminnelova i saker som omfattar automatisk freda kulturminne.*

- V. Det er positivt at kommunen har ferdigstilt arbeidet med kulturminneplanen, og at den har vore nytta i samband med delrevisjonen av kommuneplanen. Retningslinene slik dei er formulert i føresegner til kommuneplanen er ikkje formulert heilt likt med retningslinene i de vedtekne kulturminneplanen. Dette bør det arbeidast vidare med.

Eva Katrine R. Taulel  
Konstituert plansjef

Snorre Waage  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
FYLKESMANNEN I VESTLAND

Arkivnr: 2014/19850-25

Saksbehandlar: Snorre Waage, Tale Halsør, Endre Korsøen, Gunnbjørg Austrheim, Helene Moe, David Aasen Sandved og Sigrun Wølstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	22/19	12.02.2019

## Fråsegn til kommuneplan for Radøy kommune – delrevisjon av arealdelen

### Samandrag

Radøy kommune har sendt framlegg til kommuneplanens arealdel på høyring med frist 15.01.2019. Hordaland fylkeskommune har fått utsett frist til 14.02.2019 for politisk handsaming.

Planforslaget som er på høyring er ikkje ei full rullering av kommuneplanen, men vert omtalt av kommunen som ein *delrevisjon*. Det betyr at ein ikkje har teke opp den fulle heilskapen av det ein kommuneplan vanlegvis omtalar, men har noen få utvalde tema som er gjenstand for revisjon. Vår sakshandsaming fokuserer difor på dei tema som er vald ut spesifikt for denne delrevisjonen.

Eit av dei mest vesentlege endringstema i denne delrevisjonen er omgjerung av områder frå *Spreitt bustad i Landbruks-, natur og friluftsområde* (LNF) til eksisterande bustader i LNF (SBE). For å redusere dispensasjonssaker har ein no gjort analysar av område der det per i dag er lovlege eksisterande bustader, for så å endre arealkategori. Framlegg til føresegner sikrar at dette berre gjeld for eksisterande bustader, og at viktige arealverdiar vert teke omsyn til.

Fylkesrådmannen registrerer at Radøy kommune legg vekt på fortetting av områder som allereie er utbygd slik at eksisterande infrastruktur kan nyttast. Ein slik utvikling vil vere i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer og vi rår kommunen til å prioritere eit slikt utviklingsmønster høgt. Vi støtter kommunen i arbeidet med å legge til rette for fritid og turisme nord i kommunen og publikumsretta næring i tettstadane der folk bur.

Til dette revisjonsarbeidet er det gjort eit omfattande arbeid med kartlegging av den funksjonelle strandsona i kommunen. Ein har her teke omsyn til samspelet mellom sjø og land; både økologisk, estetisk, i høve til landskap og/eller bruk. Det er i denne delrevisjonen ikkje sett av nye areal til føremål småbåthamner. Ved fastsetting av byggegrense mot sjø er prinsippa frå førre arealdel vidareført, men byggegrensa er i tillegg justert i høve funna i strandseanalyse. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til det omfattande arbeidet kommunen har gjort med kartlegging av den funksjonelle strandsona, og innarbeiding av dette grunnlaget i forslag til kommuneplan som er på høyring.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland har føresegn om handel og retningslinjer om arealbruk. Føresegna er tenkt implementert i kommuneplanane og det er eit krav at dette vert gjort. Vi ber samstundes om at sentrumsutstrekning vert definert og tydeleggjort i kommuneplanen. Fylkesrådmannen rår til at det vert knytt motsegn til krav om føresegner for handel.

Det er gjort ei endring til fleirbruksområda for sjøområda ved at det er lagt til ei føresegn som avgrensar akvakulturføremålet til berre å gjelde fortøyingar og ankerfeste til akvakulturanlegg. I høve til gjeldande plan betyr dette at det ikkje kan etablerast akvakulturanlegg i fleirbruksområde. For akvakulturnæringa vil den nye føresegna bety at arealet ikkje er søkbart etter akvakulturlova. Dette er uheldig for dei anlegga som ligg i nærleiken til slikt areal. Fylkeskommunen står likevel kommunen sitt framlegg då akvakulturnæringa har behov for føreseielegheit, og at planane er mest muleg tydleg, med minst muleg rom for tolking

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Fylkesrådmannen ser det som positivt at Radøy kommune har utarbeidd og politisk vedtatt ein eigen kulturminneplan, og at denne er godt innarbeida i delrevisjonen av kommuneplanens arealdel. Radøy er rikt på fornminne og summen av arealkonflikt er liten. Radøy kommune har tatt omsyn til kulturminne og kulturmiljø i planframlegget. Fylkesrådmannen ser likevel at omsynet til dei automatisk freda kulturminna ikkje er tilstrekkelig innarbeidd i føresegner og plankart, og det er med bakgrunn i dette fremja forslag om motsegn, der det er strid med kulturminner av nasjonal interesse.

### Forslag til vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* vurderer arealdelen til kommuneplanen som eit tenleg styringsreiskap for Radøy kommune, med tydelege føresegner, planskildring og plankart.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner det er positivt at kommunen ønskjer å tilpasse *landbruks-, natur og friluftsområder* i kommuneplanen til faktisk lovleg arealbruk, som gjer meir føreseielege rammer for tiltak, og samstundes reduserer behovet for dispensasjonar. Det er positivt at kommunen oppgraderar kommuneplanen i forkant av kommunesamanslåinga i 2020.
3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at framtidsretta forvaltning av strandsona er av både nasjonal og regional interesse. Kartlegging av funksjonell strandsona er ein viktig strategi i strandsonopolitikken i Hordaland, og utvalet stiller seg positiv til at kommunen har gjort dette som del av planarbeidet.
4. Føresegner og retningsliner for arealbruk til handel i regional plan (4.1 og 4.2) må innarbeidast i føresegner og retningsliner til arealdelen av kommuneplanen. Det er knytt **motsegn** til dette punktet om det ikkje vert gjort.
5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner det er positivt at kommunen gjer avklaringar om arealbruk i sjø. Tydeleggjering av arealkategoriar som opnar for akvakultur i kommuneplanen er viktig for både kommunen, fylkeskommunen og andre sektormyndar, og skapar meir føreseielege rammer for planlegging og aktivitet for akvakulturnæringa.
6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at Radøy kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningsliner som sikrar langsiktig vern av kulturminne og kulturmiljø.
7. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* fremjar **motsegn** til Radøy kommune sin delrevisjon av kommuneplanens arealdel 2011 – 2023, som er i strid med kulturminne av nasjonal interesse, på fylgjande punkt:
  - V. Områder som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkelig integrert i plankartet. Alle automatisk freda kulturminne skal visast i plankartet.

*Motsegn fell bort når kommunen synleggjer alle dei automatisk freda kulturminna med tilhøyrande sikringssone som omsynssone.*

- VI. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Manger, Sæbø og Hordabø mellomalderkyrkjestader må innarbeidast i planføresegna, og visast i plankartet.

*Motsegn fell bort om kommunen tek omsyn til Riksantikvarens krav*

- VII. Nokre av områda definert som LNF – SBE inneheld registrerte automatisk freda kulturminne. Dette gjeld:
- Askeladden id. 135339 i Vetås (gnr. 86, bnr. 3).
  - Askeladden id. 55258 i Olsvoll (gnr. 74, bnr. 49).
  - Askeladden id. 85030 i Sæbø (gnr. 88, bnr. 5 og 4).

*Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommuneplan for aktuelle automatisk freda kulturminne.*

- VIII. Områda definert innafor LNF - SBE med unntak av dei nemnd i punkt III må reduserast.

*Motsegn fell bort når byggeområdet blir meir i tråd med føresegna sitt formål og innskrenka til å gjelde eksisterande hus med opparbeida hage.*

8. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminnefaglege merknader som det ikkje er knytt motsegn til, desse er lista opp i saksframlegget. Me ber kommunen om å ta omsyn til desse i sitt endelege plandokument.*

- VI. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber kommunen om å endre område Fosenstraumen/Rapeneset vist som H-730 til H-570, og at det enkelte automatisk freda kulturminnet med tilhøyrande sikringsone blir vist som H-730 omsynssone d. Me ber også om at det blir knytt konkrete planføresegner og retningslinjer til områda.
- VII. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanens areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om byggeområder og LNF spreidd (LNF-SBE og LNF-SB) i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einiskilde byggeareal, og tilhøve til automatisk freda kulturminne er avklart. Dette gjeld både land- og sjøområder.
- VIII. Føresegn 2.16 tredje og fjerde ledd er uklar og må endrast til: *Hordaland fylkeskommune/Riksantikvar har uttalerett i alle søknadspliktige tiltak som gjeld riving eller vesentleg endring av ikkje-freda bygg og anlegg eldre enn 1850 samt listeførte kyrkje og den indre farleia.*
- IX. Under føresegn 4.11 må følgjande settast inn: *Hordaland fylkeskommune er forvaltningsmynde i høve kulturminnelova i saker som omfattar automatisk freda kulturminne.*
- X. Det er positivt at kommunen har ferdigstilt arbeidet med kulturminneplanen, og at den har vore nytta i samband med delrevisjonen av kommuneplanen. Retningslinene slik dei er formulert i føresegner til kommuneplanen er ikkje formulert heilt likt med retningslinene i de vedtekte kulturminneplanen. Dette bør det arbeidast vidare med.

## Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* vurderer arealdelen til kommuneplanen som eit tenleg styringsreiskap for Radøy kommune, med tydelege føresegner, planskildring og plankart.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner det er positivt at kommunen ønskjer å tilpasse *landbruks-, natur og friluftsområder* i kommuneplanen til faktisk lovleg arealbruk, som gjer meir føreseielege rammer for tiltak, og samstundes reduserer behovet for dispensasjonar. Det er positivt at kommunen oppgraderar kommuneplanen i forkant av kommunesamanslåinga i 2020.
3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at framtidsetta forvaltning av strandsona er av både nasjonal og regional interesse. Kartlegging av funksjonell strandsoner er ein viktig strategi i strandsonopolitikken i Hordaland, og utvalet stiller seg positivt til at kommunen har gjort dette som del av planarbeidet.
4. Føresegner og retningslinjer for arealbruk til handel i regional plan (4.1 og 4.2) må innarbeidast i føresegner og retningslinjer til arealdelen av kommuneplanen. Det er knytt **motsegn** til dette punktet om det ikkje vert gjort.
5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner det er positivt at kommunen gjer avklaringar om arealbruk i sjø. Tydeleggjering av arealkategoriar som opnar for akvakultur i kommuneplanen er viktig for både kommunen, fylkeskommunen og andre sektormyndar, og skapar meir føreseielege rammer for planlegging og aktivitet for akvakulturnæringa.
6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at Radøy kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som sikrar langsiktig vern av kulturminne og kulturmiljø.
7. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* fremjar **motsegn** til Radøy kommune sin delrevisjon av kommuneplanens arealdel 2011 – 2023, som er i strid med kulturminne av nasjonal interesse, på fylgjande punkt:
  - IX. Områder som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkelig integrert i plankartet. Alle automatisk freda kulturminne skal visast i plankartet.  
  
*Motsegn fell bort når kommunen synleggjer alle dei automatisk freda kulturminna med tilhøyrande sikringssone som omsynssone.*
  - X. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Manger, Sæbø og Hordabø mellomalderkyrkjestader må innarbeidast i planføresegna, og visast i plankartet.  
  
*Motsegn fell bort om kommunen tek omsyn til Riksantikvarens krav*
  - XI. Nokre av områda definert som LNF – SBE inneheld registrerte automatisk freda kulturminne. Dette gjeld:
    - Askeladden id. 135339 i Vetås (gnr. 86, bnr. 3).
    - Askeladden id. 55258 i Olsvoll (gnr. 74, bnr. 49).
    - Askeladden id. 85030 i Sæbø (gnr. 88, bnr. 5 og 4).  
*Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommuneplan for aktuelle automatisk freda kulturminne.*
  - XII. Områda definert innafor LNF - SBE med unntak av dei nemnd i punkt III må reduserast.

*Motsegn fell bort når byggeområdet blir meir i tråd med føresegna sitt formål og innskrenka til å gjelde eksisterande hus med opparbeida hage.*

8. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminnefaglege merknader som det ikkje er knytt motsegn til, desse er lista opp i saksframlegget. Me ber kommunen om å ta omsyn til desse i sitt endelege plandokument.*
- XI. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber kommunen om å endre område Fosenstraumen/Rapeneset vist som H-730 til H-570, og at det enkelte automatisk freda kulturminnet med tilhøyrande sikringsone blir vist som H-730 omsynssone d. Me ber også om at det blir knytt konkrete planføresegner og retningslinjer til områda.*
- XII. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanens areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om byggeområder og LNF spreidd (LNF-SBE og LNF-SB) i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einiskilde byggeareal, og tilhøve til automatisk freda kulturminne er avklart. Dette gjeld både land- og sjøområder.*
- XIII. *Føresegn 2.16 tredje og fjerde ledd er uklar og må endrast til: *Hordaland fylkeskommune/Riksantikvar har uttalerett i alle søknadspliktige tiltak som gjeld riving eller vesentleg endring av ikkje-freda bygg og anlegg eldre enn 1850 samt listeførte kyrkje og den indre farleia.**
- XIV. *Under føresegn 4.11 må følgjande settast inn: *Hordaland fylkeskommune er forvaltningsmynde i høve kulturminnelova i saker som omfattar automatisk freda kulturminne.**
- XV. *Det er positivt at kommunen har ferdigstilt arbeidet med kulturminneplanen, og at den har vore nytta i samband med delrevisjonen av kommuneplanen. Retningslinene slik dei er formulert i føresegner til kommuneplanen er ikkje formulert heilt likt med retningslinene i de vedtekne kulturminneplanen. Dette bør det arbeidast vidare med.*

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Planskildring
- 2 Plankart
- 3 Føresegner
- 4 Konsekvensvurdering



## Fylkesrådmannen, 18.01.2019

### 1. Bakgrunn

Radøy kommune har sendt delrevisjon av kommuneplanen sin arealdel på høyring med frist 15.01.2019. Fylkeskommunen har fått utsett frist grunna politisk handsaming til 14.02.2019. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka. (jf. Forskrift til Kulturminnelova kap. 1, § 3)

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land og sjøområde.

#### 1.1 Planprosess og medverknad

Ved rulleringa av kommuneplanen i 2011 hadde kommunen samarbeid med enkeltpersonar, næringsliv og organisasjonar. Det vart arrangert møte med særskilde grupper og ope bygdemøte. I samband med bygdemøte vart det halde "ope hus" før møtet slik at folk kunne komme med store og små spørsmål og kommentarar direkte til administrasjonen og konsulentane. Kommunen hadde ansvaret for god medverknad i planprosessen. Samarbeidet med regionale sektororgan vart gjennomført ved diskusjonar i planforum, møte, synfaringar, samtalar, skriftlege innspel og merknader.

Vedteke planprogram ligg til grunn og utgjer ramme for delrevisjonen. Ei eiga styringsgruppe deltok aktivt i planprosessen. Styringsgruppa for kommunale plansaker i Radøy var formannskapet pluss leiar og nestleiar i hovudutval for plan, landbruk og teknisk. Leiar av styringsgruppa var ordføraren. Delrevisjon 2018 følgjer same organisering som tidlegare. Revidert kommuneplan med vedlegg og analyser leggst fram for politisk handsaming før utlegging til offentleg høyring og ettersyn. Kommunestyret gjer endeleg vedtak for delrevisjonen.

Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til planprogrammet i brev av 07.10.2014. Her trakk fylkeskommunen mellom anna fram at ein stilte seg positiv til at kommunen ville prioritere gjennomføring av funksjonell strandsoneanalyse. Landskap, friluftsliv, biologisk mangfald og ålmenn tilgang vart då trekt fram som viktige fokusområde for strandsoneanalysen. Andre tema som vart trekt fram var akvakultur, klima og energi, kulturminne og kulturmiljø, samt barn og unges interesser.

### 2. Innhald i planen

I dette avsnittet blir innhaldet i planforslaget kort referert, utan vurdering av konsekvensar for regionale interesser

#### 2.1 Samfunnsdel

Samfunnsdelen er ikkje revidert i denne delrevisjonen.

#### 2.2 Arealdel

Planomtale.

Planomtalen skildrer korleis kommunen har arbeid fram kommuneplanen med dei juridisk bindande dokumenta; plankart og føresegner. Planskildringa er retningsgjevande for arealbruken i planområdet. Denne er noko endra i delrevisjonen.

### Plankart.

Arealplankartet er juridisk bindande for arealbruken i kommunen. Plankartet viser eksisterande og planlagt arealbruk i planperioden. Kartet må sjåast saman med føresegnene, og retningslinene i planskildringa. Nokre endringar er gjort i delrevisjonen. Her er strandsone, byggjegrænse og havområda i fokus. I tillegg er føresegnene skrivne om slik at dei er konsistente og i samsvar med plankartet.

I tillegg er det i gjeldande KPA for Radøy krav om detaljregulering på dei fleste nye byggjeområde, noko som har ført til mange dispensasjonssøknadar. I delrevisjonen er alle områda med plankrav vurdert på nytt. I plankartet er omsynssone med plankrav teke ut for nokre område og føresegnene er oppdatert sånn at plankrav er konsistente. På grunnlag av analyse av LNF områda er det lagt inn LNF-område med spreidd eksisterande heilårsbusetnad tillete i plankartet.

Kommunedelplan for Manger og kommunedelplan for Radøy sør er oppdaterte og sett inn i kommuneplanen sånn at planverket er konsistent for heile kommunen.

### Føresegner.

Føresegn til kommuneplanen er juridisk bindande krav som utdjupar og komplimenterer plankartet. Kommunen har dei siste åra opplevd at føresegna til kommuneplanen ikkje har vore tydeleg nok for å ta omsyn til kulturminner på ønska måte, og kommunen har ønska å gjøre noko med dette i denne delrevisjonen. I tillegg er føresegna knytt til område for LNF-spreitt fått eigne føresegn som definerer kva som er tillat utan dispensasjon i desse nye områda (LNF-SBE). Desse områda er avgrensa med bakgrunn i eigne GIS-analysar utarbeida i samarbeid med NHdigitalt (Lindås kommune) og Radøy kommune.

### Konsekvensutgreiing

Delrevisjonen i samsvar med planprogrammet har ikkje utløyst krav om konsekvensutgreiing (KU), men kommunen sine erfaringar frå anna pågåande planlegging har vist at krava til KU er skjerpa i tida etter at revisjonen vart starta i 2013. På grunnlag av desse erfaringane er det difor laga ei generell KU-analyse for omlegginga frå LNF til LNF-SBE (Eksisterande spreidd utbyggnad. Sjå vedlegg).

## **3. Vurdering av regionale interesser**

Planforslaget som er på høyring er ikkje ei full rullering av kommuneplanen, men vert omtalt av kommunen som ein *delrevisjon*. Det betyr at ein ikkje har teke opp den fulle heilskapen av det ein kommuneplan vanlegvis omtalar, men har noen få utvalde tema som er gjenstand for revisjon. Vår sakshandsaming fokuserer difor på dei tema som er vald ut spesifikt for denne delrevisjonen. Desse er:

- *Føresegner med fokus på plankrav, eksisterande bygde bustadeigedomar i LNF, kulturminne og havområda*
- *Strandsone, byggjegrænse mot sjø, arealføremål i sjø og havområda*
- *Heilårsbustader i LNF, frådelt eigeidomar med eksisterande heilårsbustader*

Det har frå kommunen si side vore kommunisert at denne revisjonen er av ein enkel karakter, som i stor grad er å rekne som tekniske justeringar og tilpassingar eksisterande arealbruk i kommunen. I og med at det ikkje er ein veldig omfattande rullering av kommuneplanen, vert vårt innspel til kommunen i denne høyringa forma av dette. I hovudsak handlar revisjonane om eksisterande heilårsbustader i LNF område, der ein ønskjer å redusere dispensasjonsbehovet ved å innlemme desse i LNF-spreitt for eksisterande bustad; strandsonevurderingar og byggjegrænse mot sjø; arealføremål i sjø; og kulturminner og kulturmiljø.

### **3.1 Generelt om planen**

Kommuneplanen er kommunen sin langsiktige og overordna plan. I følgje plan- og bygningslova skal kommunestyret vurdere kommuneplanen og gjere endringar om naudsynt. Oppstart av arbeidet med denne delrevisjon starta allereie i 2013, i tråd med planstrategi for Radøy kommune. Det vart utarbeidd eit

planprogram som la føringar for kva ein skulle ha fokus på i delrevisjonen. Dette planprogrammet uttalte Hordaland fylkeskommune seg til i brev av 07.10.2014, som omtalt over.

*Regionale føringar og rammer:*

Det er fleire regionale planar og føringar som har kome til mellom vedtak av KPA og delrevisjonen som no finn stad. Døme på dette er Regional plan for attraktive senter i Hordaland og Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Fylkesrådmannen ber om at kommunen oppdaterer oversikten over regionale planar og føringar. Fullstendig liste er å finne på denne [lenka](#).

**3.2 Landskap og Spreitt bustad eksisterande (LNF-SBE)**

Eit av dei mest vesentlege endringstema i denne delrevisjonen er som nemnd omgjerung av område frå LNF til LNF-Spreitt bustad eksisterande. Motivasjonen for å gjere dette arbeidet har i stor grad vore fordi det over tid har vore mye frådeling og dispensasjonar for å bygge på LNF-område. For å redusere dispensasjonssaker har ein no gjort analysar av LNF-område der det per i dag er lovlege eksisterande bustader, for så å endre arealkategori frå LNF til LNF-SBE. Utgangspunktet for kommunen har vore basert på anbefalingar gitt frå Fylkesmannen i Hordaland for korleis kommuneplanen kan reviderast i høve til å unngå dispensasjonar for mindre tiltak på eksisterande bustader som i dag ligg i LNF føremål.

Med bakgrunn i dette er det utarbeidd arealanalyse som gjev geografisk oversikt for eigedomar opp til 5Da og som i gjeldande kommuneplan ligg i LNF. På grunnlag av analysa er det vidare laga framlegg til areal for føremål LNF-SBE (eksisterande spreidd bustad). Samstundes er det også utarbeidd strandsoneanalyse for heile kommunen. Framlegg til føresegner sikrar at dette *berre gjeld for eksisterande bustader*. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til at Radøy kommune no gjer denne oppryddingsjobben i eksisterande arealkategoriar, og at ein i analysane har nytta seg av interkommunale ressursar for dette arbeidet. Det er positivt at ein gjennom føresegn sikrar at dette gjeld for berre eksisterande bustader, og at føresegn til planen sikrar at viktige arealverdiar vert teke omsyn til.

Det er gjennomført avgrensa KU av dette temaet (vedlegg). Her kjem tema landskap ut som einaste tema som for negativ score i vurderinga. Grunnen til dette er at *«Overgang frå LNF til LNF-SBE gjer det mogeleg med mindre tiltak på eksisterande bygnad. Det kan ha noko negativ innverknad i landskapet. Men samla sett er denne innverknaden liten»*. Det er med andre ord ikkje identifisert særleg store negative verknader av ein slik endring frå LNF til LNF-SBE.

Derimot finn ein i KU samla vurdering at «Med arealanalyse for eigedomar med bustad på, innanfor LNF, og med areal opp til 5Da, er grunnlaget på plass for å teikne inn areal for LNF-SBE i kommuneplankartet. Konsekvensane med ei slik omlegging er positive i høve til at eksisterande spreidd utbyggnad/bustader får same handsaming som øvrige bustader. Det grunn til å ha strenge føresegner i samband med omlegginga for å unngå at endringar på eksisterande bygnad får negativ verknad på landskap og naturomgjevnader».

Den totale scoren i vurderingsskjemaet er + 5.

**3.3 Strandsone**

Framtidsretta forvaltning av strandsona er av både nasjonal og regional interesse. Kartlegging av funksjonell strandsone er ein viktig strategi i strandsonepolitikken i Hordaland, og vi stiller oss positive til at kommunen har gjort dette som del av planarbeidet. Gjennom differensiert forvaltning av strandsona kan kommunen tilpasse byggjeforbod i strandsona til dei lokale høva på staden. Grunnlaget for byggjegrænse må bygge på lokal kartlegging av økologiske, topografiske og bruksmessige høve.

Byggjeforbodet i strandsona gjeld som kjent som eit utgangspunkt for planlegginga, også i dei delane av Hordaland med mindre press på areala, jf. pbl § 1-8. Utbygging bør så langt råd er lokalisert til område som er utbygd frå før av, slik at ein unngår bygging i urørde område med spesielle kvalitetar. Eventuell utbygging skal vurderast med omsyn til andre allmenne interesser.

Til dette revisjonsarbeidet er det gjort eit omfattande arbeid med kartlegging av den funksjonelle strandsona i kommunen. Ein har her teke omsyn til samspelet mellom sjø og land; både økologisk, estetisk, landskapsmessig og/eller bruksmessig. Det er i denne delrevisjonen ikkje sett av nye areal til føremål småbåthamner. Kommunen har definert lokal byggjegrænse mot sjø i regulerte område og nye tiltak i sjø,

vurdert behov for småbåthamner og naustområde på nytt, med utgangspunkt i denne analysen av funksjonell strandsone. Dette stiller vi oss positive til.

Ved fastsetting av byggegrense mot sjø er prinsippa frå førre KPA vidareført, men byggegrensa er altså no i tillegg justert i høve funna i strandsoneanalysen.

### 3.4 Senterutvikling

Fylkesrådmannen viser til retningsline § 2.3 i Regional plan for attraktive senter i Hordaland, der «*Sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller reguleringsplan for sentrum*». Kommunen har ein definert senterstruktur i kommunen, men vi ber om at ein samstundes definerer sentrumsutstrekninga i dei definerte sentera.

### 3.5 Handel

Hordaland fylkeskommune har i Regional plan for attraktive senter i Hordaland, vedtatt juridisk føresegn om lokalisering og dimensjonering av handelstilbod for å bidra til eit arealeffektivt og klimavenleg utbyggingsmønster. Føresegna har direkte rettsverknad for kommunar og private utbyggjarar. Handelsverksemd over 3000m<sup>2</sup> må ha samtykke frå fylkeskommunen for å vere gyldig. Fylkesrådmannen ber om at kommunen innarbeider føresegn om handel, i tråd med regionale føringar, og rår til at det vert fremja motsegn på dette punktet.

Vi legg her ved eit forslag til korleis kommunen kan utforme føresegn som er i tråd med regionale føringar for handel:

*Nytt bruksareal for detaljhandel er berre tillatt i sentera definert i kommuneplanen; XXX, XXX, XXX*

*Nytt bruksareal for detaljhandel skal vere innanfor sentrumsutstrekninga definert i kommunal plan. Der det ikkje er fastsett ei sentrumsutstrekning, gjeld følgjande retningsgivande utstrekning:*

- Kommunesenter: inntil 600m*
- Lokalsenter og nærsenter: tilbod bør i høg grad konsentrerast*

*Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve overstig 3.000 m<sup>2</sup> krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Tiltaket skal vere i samsvar med hovudmål i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller i kommuneplan vedtatt etter 10.12.2014. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke.*

*Det gjeld unntak for:*

- Ny eller utvida detaljhandel med opptil 3.000 m<sup>2</sup> samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.*
- Ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggjeverar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.*

### 3.6 Akvakultur

Det er gjort ei endring til fleirbruksområda for sjøområda ved at det er lagt til ei føresegn som avgrensar akvakulturføremålet til berre å gjelde fortøyingar og ankerfeste til akvakulturanlegg. I høve til gjeldande plan betyr dette at det ikkje kan etablerast akvakulturanlegg i fleirbruksområde.

Bakgrunnen for denne endringa er at kommunen vil fjerne den motstriden som er i plandokumenta i dag. Gjeldande kommuneplan har arealføremål fleirbruksområde i sjø, der akvakultur er inkludert, på det meste av sjøareala i kommunen. Det er ikkje føresegner til denne arealkategorien. For dei same sjøområda har imidlertid plankartet påskrifta FNFF (fiske, natur, ferdsle og friluftsliv) og her er ikkje akvakultur med.

Akvakultur er framleis ei næring i utvikling og bruk av ny teknologi og endring av rammebetingelsar, spelar stor rolle når det gjeld næringa si trong for areal. Eit døme på dette er overgang frå kompakte stålanlegg til plastringanlegg som krev meir plass i overflata. Som kommunen er kjent med har det vore og er etablerte

akvakulturanlegg i kommunen som ikkje har høve å vidareutvikle drifta p.g.a. manglande tilgang på planavklart areal. Med denne bakgrunnen meiner Hordaland fylkeskommune at akvakultur burde vert ein del av dette planarbeidet. Dette hadde vore ei betre løysing for akvakulturnæringa enn berre å legge til ei føresegn for å tydeleggjere eksisterande plan.

Sidan akvakultur vart med i fleirbrukskategorien av gjeldande plan i 2011 er det frå akvakulturverksemdar fremja to søknader i dette arealet etter akvakulturlova.

Det er gjeve akvakulturløyve til anleggsendring for Blom Fiskeoppdrett AS for lokalitet Otterholmen i 2012 og utvida produksjonskapasitet i 2013 med tilhøyrande løyve etter forureiningslova.

Lingalaks AS søkte i 2017 om utviding og endra plassering av eksisterande anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Toska sør. Denne søknaden er ikkje ferdighandsama. Fylkesmannen i Hordaland har avvist å handsame søknaden etter forureiningslova då arealbruken for den omsøkte lokaliteten etter deira meining ikkje er avklart. Slik situasjonen er no har saka stoppa opp utan at søkjar har fått ei fullstendig handsaming av saka. Hordaland fylkeskommune har send søknaden til Fiskeridirektoratet for klagehandsaming, og søkjar har send søknaden til Miljødirektoratet.

For akvakulturnæringa vil den nye føresegna bety at arealet ikkje er søkbart etter akvakulturlova. Dette er uheldig for dei anlegga som ligg i nærleiken til slikt areal. Fylkeskommunen står likevel kommunen sitt framlegg då akvakulturnæringa har behov føreseielegheit i planar, og at planane er mest muleg tydeleg, med minst muleg rom for tolking slik som det særleg er framkome i søknad om endra plassering ved Toska sør.

### 3.7 Kulturminne og kulturmiljø

#### LNF- spreidd

I samanheng med vår vurdering av kommunen sin delrevisjon, visar Hordaland fylkeskommune til *Kommuneplanens arealdel – veileder om utarbeiding og innhold. Planframstilling*: Når det gjeld krav til områdeavgrønsing og lokalisering av ny spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygningar, må avmerking/opplysing vere så presis at fylkeskommunen kan ta stilling til om den føreslåtte arealbruken er i samsvar med viktige nasjonale og regionale omsyn.» Videre står det at: «Kommunen skal avklare med vernemyndighetene i hvilke områder det vil være aktuelt å tillate utbygging. Dersom det legges opp til at spørsmål først skal avgjøres i forbindelse med en aktuell byggesak vil ikke lovens krav være oppfylt.»

Fleire av eigedomane/områda definert innanfor LNF – SBE og kjem i kontakt med kjende automatisk freda kulturminne. Potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne er i tillegg fleire stadar høgt. Omsynet med nytt formål LNF – SBE er å redusere mengda dispensasjonssaker. Ein del saker vert og fritatt for søknadspått. Kommunen må innskrenke områda definert innanfor LNF – SBE slik at byggeområda er meir i tråd med føresegna sitt formål. Dette vil redusere mogelege feiltolkingar av føresegna og redusere faren for konflikt med kulturminnelova. For å sikre kulturminneinteressene best mogeleg må dei områda (LNF-SBE) som er i direkte konflikt definerast som LNF.

Radøy kommune har tatt omsyn til kulturminne og kulturmiljø i planframlegget, Fylkeskommunen ser likevel omsynet til dei automatisk freda kulturminna ikkje er tilstrekkelig innarbeidd i føresegner og plankart.

#### *Omsynssoner pbl § 11-8:*

På bakgrunn av nytt formål LNF – spreidd (LNF – SBE) skal dei automatisk freda kulturminna visast på plankartet som omsynssone d, bandlagt etter lov om kulturminne, jf. pbl § 11 – 8, d (SOSI-kode H730), slik at viktige kulturminne blir synlege og det slik blir enklare å forvalte kulturminneinteresser opp mot andre interesse.

Omsynssone d (SOSI-kode H730) – forslag til føresegner:

- I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggje, skade eller dekke til eller på annan måte utilbørlig

skjemme kulturminnet mellomels eller permanent er ikkje lov. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggest fram for Hordaland fylkeskommune som kulturminnemynde.



## Kulturminnefaglege merknader

### Omsynssoner:

Hordaland fylkeskommune ber kommunen om å endre område Fosenstraumen/Rapeneset vist som bandlagt areal H-730 til verneområde H-570. Dei enkelte automatisk freda kulturminnet med tilhøyrande sikringsone skal visast som H-730 omsynssone d). jf. pbl. § 11-8.

Det må innarbeidast føresegner og retningsliner for begge områda som sikrar omsynet til dei automatisk freda kulturminna. Me føreslår følgjande:

- Omsynssone d (SOSI- kode H730)  
« I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Tiltak eller inngrep som kan skade, tildekke eller på annan måte utilbørlig skjemme kulturminnet mellombels eller permanent er ikkje tillatt, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»
- Omsynssone c (SOSI-kode H570)  
«Saker som gjeld tiltak i omsynssona H-570-nr? skal sendast til Hordaland fylkeskommune for vurdering/fråsegn».

### Generelle føresegn

Dei generelle føresegnene er viktige for å sikra omsynet til kulturminneinteressene jf. pbl § 11-9, nr 7. Hordaland fylkeskommune ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

- Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje fører til skade eller utilbørlig skjemming av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Dersom kulturminne av regional eller nasjonal verdi kan bli råka, skal saka leggjast fram for Hordaland fylkeskommune som kulturminnemynde.

### Eksisterande byggverk og kulturmiljø

Kommunen har nyleg vedteke eigen Kulturminneplan, og delrevisjonen har brukt kunnskap frå den. Kulturminneplanen gjev grunnlag for innlegging av nye omsynssonar, det er lagt inn omsynsoner for bevaring av kulturmiljø for område avsett som A-minne i Kulturminneplanen. Omsynsoner for kulturminne er lagt inn i plankartet.

I framlegg til føresegner for revidert kommuneplan er det utarbeid særskilte føresegner for kulturminna, inndelt i verneklassar:

- Punkt 2.16 – Eksisterande byggverk og kulturmiljø.
- Punkt 2.16.1 – kulturminne i verneklasse A (vedlegg til kulturminneplanen)
- Punkt 2.16.2 – kulturminne i verneklasse B (vedlegg til kulturminneplanen)
- Punkt 2.16.3 – kulturminne i verneklasse C
- Punkt 2.16.4 – kulturminne i verneklasse D

I føresegnene er det i tillegg under punkt 4.9 retningsliner for sone med særleg omsyn til kulturminne (H570). Sone H570 er omsynssone for kulturminne og kulturmiljø som har verneklasse A etter Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-27, samt listeførte kyrkjer og nokre andre kulturminner og kulturmiljø (ikkje spesifisert i føresegnene).

Hordaland fylkeskommune ser det som positivt at kommunen har ferdigstilt arbeidet med kulturminneplanen, og at den har vore nytta i arbeid med kommuneplanen. Kulturminneplanen er detaljert og god, og retningsliner for dei ulike vernekategoriane står òg nemnt i den. Retningslinene slik dei er formulert i føresegner til kommuneplanen er ikkje formulert heilt likt med retningslinene i de vedtekte kulturminneplanen. Dette bør det arbeidast vidare med.

Hordaland fylkeskommune finn det vidare positivt at Radøy kommune har arbeidd rapport «Funksjonell strandsone» (2018) med temakart over kjerneområde landbruk og viktige kulturlandskap. Vi føreset at den rapporten vert sett i samanheng med kulturminneplanen.

Under punkt 2.16 står det og:

*«Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 skal leggast til grunn ved tiltak på eksisterande bygg, i kulturmiljø og kulturhistorisk landskap.*

*Kommunal kulturminnestyresmakt skal varslast og har uttalerett i alle saker som gjeld kulturminne og kulturmiljø i verneklasse A til D, samt for ein kvar bygning eldre enn 1920.»*

Det er viktig å merke seg at naust og naustmiljø med regional verdi og skal sendast til Hordaland fylkeskommune, sjølv om dei ligg i verneklasse C

### **Innspel frå Riksantikvaren**

Riksantikvaren syner til brev av 11.12.2018 frå Hordaland fylkeskommune, vedlagt forslag til delrevisjon av kommuneplanen sin arealdel for Radøy kommune for offentleg ettersyn. Riksantikvaren uttala seg til kommuneplanen i 2011, men vi kan ikkje sjå at føresegnene som vart fremma i fråsegnen er teke inn i føresegnene for kommuneplanen, noko som er beklageleg.

Riksantikvaren sine merknader til planen gjeld i dei forvaltingsområda der direktoratet har ansvar som fagmyndigheit. Dette gjeld mellomalderkyrkjestadene Hordabø, Manger og Sæbø, som er automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (km 1.) § 4 første ledd pkt. j.

Fylkeskommunen skal innhente og samordne fråsegn frå anna kulturminneforvaltning i plansaker og gje ei samla fråsegn til planframlegget på vegne av kulturminneforvaltninga, jf. forskrift til kulturminnelova kap. 1, § 1pkt. 2.

### **Mellomalderkyrkjestader i Radøy**

Kyrkjene i mellomalderen var ofte plassert på sentrale og framståande stader i landskapet med lang tradisjon for busetnad og bevisst forma som landemerke. Kyrkjer var ofte eit identitetssymbol i lokalsamfunnet og fungerte som religiøse og sosiale samlingsstader. Det er difor vanleg å finne mange forskjellige kulturminne frå ulike tidsperiodar i dei næraste omgjevningane til kyrkjene frå mellomalderen. Dei ulike kulturminna er viktige kvar for seg, men har også stor verdi som samla kulturmiljø som kan avspegle utvikling og kontinuitet over svært lang tid. Mellomalderkyrkjegardar var som regel små samanlikna med dei fleste kyrkjegardane i nyare tid. Det er difor avgjerande for opplevinga av mellomalderkyrkjestaden i landskapet at ein opprettheld eit opent kulturlandskap kring kyrkjestaden. Dette legg føringar på kva ein kan akseptera av utbygging og endringar i området. Til mellomalderkyrkjestadane høyrer avgrensing av ei sikringszone på 5 meter som inngår i det automatisk freda kulturminnet, jf. kulturminnelova § 6.

Manger mellomalderkyrkjestad - id 84386 er eit automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 4. Kyrkja ligg på gnr. 45 Manger nedre, nær ved det tidlegare tunet og med mellomalderkyrkjegarden på sørvestsida. Mellomalderkyrkja på Manger var truleg ei stavkyrkje frå 1100-talet vigd til Sta. Katharina. Ho vart erstatta av ei tømmer kyrkje, truleg rett etter 1600, som brann etter eit lynnedslag i 1738. Det vart reist ei ny kyrkje av brotstein som stod ferdig i 1743, men også denne brann i 1822. Kyrkja vart først restaurert, men sidan erstatta av dagens kyrkje i 1891. Det er ikkje kjent om alle kyrkjene har stått på same stad. Kyrkjegarden vart utvida i alle retningar etter 1849. Mellomalderkyrkjegarden er framleis i bruk, da der har vare meir enn 10 gravleggingar etter 1945.

Hordabø mellomalderkyrkjestad - id 84630 er eit automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 4. Kyrkjestaden ligg på ein høgde sør og vest for dagens kyrkjegard på gnr. 24 Bø. Bø (Hordabø) kyrkje var soknekyrkje med eigen prest i mellomalderen og både prest og kyrkje er nemnt i Bergens kalvskinn og

Munkeliv kloster si jordebok ca. 1490. Mellomalderkyrkja var truleg ei stavbygning. Ho vart erstatta av ei nyare trekyrkje seinast på 1600-tallet. Noverande kyrkje vart bygd i 1875. Det er ukjent om alle kyrkjene har stått på same stad, men dei gamle kyrkjegardsmurane kan tyde på det. Kyrkjegarden er i nyare tid utvida mot nord og vest. Sørøst for kyrkja ligg ein åtskilt kyrkjegard, truleg etablert som koleragravplass. Delar av mellomalderkyrkjegarden er framleis i bruk, da det har vore minst fire gravleggingar her sidan 1945.

Sæbø mellomalderkyrkjestad - id 85030 er eit automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 4. Kyrkja og mellomalderkyrkjegarden ligg på ei flate i eit dyrka landskap, på gnr. 88 Sæbø ytre, men utan klar tunkontekst. Sæbø kyrkje var soknekyrkje, mogleg vigd til St.Botolf, med eigen prest i mellomalderen. Ho var truleg ei stavbygning som vart avløyst av ei tømmer kyrkje i 1643, antakeleg på same stad. Dagens kyrkje vart reist i 1884, delvis over same stad som tømmerkyrkja. Dei eldste delane av kyrkjegarden ligg nord for kyrkja og er omgjeven av ein steingard. Mellomalderkyrkjegarden er framleis i bruk da der har vore meir enn 10 gravleggingar sidan 1945.

### Riksantikvarens merknader

Manger, Hordabø og Sæbø kyrkjestader er automatisk freda kulturminne som er bandlagd etter kulturminnelova og må difor visast som omsynssone d) jf. pbl. § 11-8 d), SOSI-kode H-730 i plankartet. Omsynssone d) skal ha rutenettskravur. Geometri for kulturminnet kan hentast frå Askeladden, under id-nr 84386, 84630 og 85030. Det kjem ikkje tilstrekkeleg fram av plankartet som ligg til offentleg ettersyn at mellomalderkyrkjestadene er bandlagd etter kulturminnelova. Ved Sæbø kyrkjestad står skrive H\_730 på kartet i det aktuelle området, men kulturminnet er likevel ikkje korrekt markert da sjølve omsynssona ikkje er synleg. Ved Manger og Hordabø er det verken markert omsynssone eller skrive inn SOSI-kode H-730.

Føresegner som sikrar god forvaltning av kyrkjestaden må dessutan innarbeidast i kommuneplanen. Under omsynssone d), **Manger, Sæbø og Hordabø mellomalderkyrkjestader** må følgjande føresegner takast inn i kommuneplanen:

«Manger, Sæbø og Hordabø mellomalderkyrkjestader er automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillate å gjere tiltak som kan virke inn på dei automatisk freda kyrkjestadene med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje bli flytta eller fjerna utan at kulturminnemyndighetene er gitt høve til å komme med fråsegn.

Ein eventuell søknad om løyve til inngrep eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminnet skal bli sendt rette kulturminnemyndigheit i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar skal belastast tiltakshavar, jamfør kulturminnelova § 10.»

Når det gjeld vurdering av kontinuerleg bruk av mellomalderkyrkjegardar, er her meint ei jamn bruk av kyrkjegarden gjennom heile bruksperioden fram til i dag. Dersom delar av kyrkjegarden ikkje har vore i bruk etter 1945, tilfredsstiller desse delane av kyrkjegarden ikkje lenger vilkåret om kontinuerleg bruk. Bruk av desse delane av kyrkjegarden til gravlegging skal såleis ikkje gjenopptakast, og vi viser i denne samanheng til Kirkerundskrivet, rundskriv T - 3/2000 frå MD og KUF. For all anna graving eller andre tiltak som kan virke inn på mellomalderkyrkjestaden, skal det søkast om løyve i medhald av kulturminnelova § 8.

Framlegget til revisjon av kommuneplanen sin arealdel vidareførar arealbruken i områda kring mellomalderkyrkjestadene frå kommuneplanen som vart vedteken i 2011. Vi vurderer at framlegget ikkje legg opp til ein arealbruk som er i konflikt med omsynet til dei mellomalderske kyrkjestadene. Vi gjer like fullt merksam på at dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare, ikkje berre i høve

inngrep, men også i høve endringar i omgjevnadane. Forbodet mot utilbørleg skjemming av automatisk freda kulturminne står difor sterkt i lovverket. Det er viktig å vurdere om tiltak i kyrkjestadene sine nærområde vil vere utilbørleg skjemmande for de automatisk freda kulturminna, jf. kulturminnelova § 3.

Riksantikvaren gjer merksam på at vi med vårt fråsegn ikkje har tatt uttrykkeleg stilling til arealbruken jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

Motsegn fell bort dersom:

*Middelalderkyrkjestadane i plankartet blir vist som omsynssone d) jf. pbl. § 11-8 d), SOSI-kode H-730. Omsynssone d) skal ha rutenettskravur. Geometri for kulturminnet kan hentast frå Askeladden, under id-nr 84386, 84630 og 85030*

*Motsegn fell bort om følgjande føresegner blir innarbeida under § 4.11 omsynssone d), Manger, Sæbø og Hordabø mellomalderkyrkjestader:*

*«Manger, Sæbø og Hordabø mellomalderkyrkjestader er automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillate å gjera tiltak som kan virke inn på dei automatisk freda kyrkjestadane med mindre det ligg føre dispensasjon etter kulturminnelova.*

*Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerlig bruk etter 1945. Gravfelt som er eldre enn 60 år skal ikkje bli flytta eller fjerna uten at kulturminnemyndighet er gitt høve til å komma med fråsegn.*

*Ein eventuell søknad om løyve til inngrep eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminnet skal bli sendt til rette kulturminnemyndighet i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnad knytt til nødvendige undersøkingar skal belastas tiltakshavar, jamfør kulturminnelova § 10.*

**Innspel Bergens Sjøfartsmuseum**

Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som rårar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råke kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Ei konsekvensutreiing med tanke på marine kulturminne for alle kommuneplanens utbyggingsområde i sjø vurderer me som en uforholdsmessig stor jobb både praktisk og økonomisk, og bør slik me ser det ikkje være en del av den prosessen som nå planleggjast. På grunn av planområdets store omfang føretrekk me at tiltak blir førelagde oss på regulerings- eller byggeplannivå. Då vil trulig planane også være meir konkrete i utforming og omfang.

**3.8 Klima og energi**

Radøy kommune peikar i innleiinga til planskildringa på «måla som er viktige for bærekraftig arealbruk for kommuneplan for Radøy:

- Arealpolitikken skal leggje til rette for redusert utslepp av klimagassar.
- Arealplanlegging skal bidra til å redusere klimaendringane sine trugsmål mot liv, helse og materielle verdiar, samt samfunnsviktige funksjonar og infrastruktur.
- (...)

Det er positivt at målsettingar om reduksjon av utslepp og tilpassing til eit endra klima står høgt på agendaen i planen. Vi ser likevel ikkje att desse målsettingane i det vidare arbeidet, og meiner det er viktig å konkretisere korleis planen kan vere med å bygge opp om desse.

#### Reduksjon i utslepp

I følgje miljøstatus sin statistikk for klimautslepp i kommunar, stammar utsleppa i Radøy primært frå vegtrafikk og jordbruk. I samband med KPA har kommunen eit handlingsrom for å redusere utslepp frå vegtransport ved å sikre gang- og sykkelveggar på strategiske strekk, noko planskildringa også nemner. Klimaplan for Hordaland slår fast at:

*Retningsliner for planlegging (Klimaplan for Hordaland 2014-2020):* Kommunal planlegging skal sikre areal for samanhengande sykkelveggar mellom målpunkt som skule, senter og bustadområde.

Vidare har kommunen eit viktig handlingsrom i samband med ny KPA, for å redusere utslepp frå vegtrafikk ved å redusere transportbehovet. Ein bør prioritere å styrke somme områder i kommunen ved å nytte ledig areal i eksisterande senterområder. *Retningsliner for planlegging (Klimaplan for Hordaland 2014-2020):* Kommuneplanen skal fastsetje senterstruktur i samsvar med regional plan. Bustadområde, arbeidsplassintensive næringsområde, skule og barnehage bør lokaliserast nær kvarandre og i tilknytning til kollektivnettet.

Den andre store utsleppssektoren i Radøy kommune er jordbruk. Her er det mindre handlingsrom for kommunen gjennom arealplanlegging. Men det er viktig å unngå nedbygging av karbonlager som jordbruksareal er, og då særleg myr.

#### Klimatilpassing

Ved all utbygging nær sjølina er det viktig å gjere vurderingar knytt til framtidens klima, og forventede endringar på stormflo og havnivåstiging. Vi kan vise til [Klimaprofil Hordaland](#) for ytterlegare informasjon og råd for planlegging til eit endra klima, samt kartverkets nye kartløyningar for framskrivingar av stormflo:

<https://www.kartverket.no/sehavniva/data-pa-se-havniva/om-se-havniva-i-kart/>

Planframlegget har teke omsyn til og gjort vurderingar knytt til havnivåstiging, noko fylkesrådmannen stiller oss positiv til. Vidare vil det vere klimautfordringar i kommunen knytt til handtering av overvatn.

Klimaendringane er langsame og kan vere vanskelege å observera. Følgjeverknadene kan vere akutte hendingar som ekstremnedbør og generelt større nedbørmengder. Auka overvatn vil stille andre krav til utbyggingsmønster, byggeskikk og utforming av uteareal. Lokale veggar og uteplassar må utformast slik at ein reduserer faren for flaum og oversymjing. Einsidig bruk av harde overflatar og asfalt aukar risiko for skadar frå overvatn. Kommunen kan få krav om regress viss det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til potensielle skadar frå overvatn. Førre-var-prinsippet må leggjast til grunn ved detaljutforming av uteareal og nye byggeområde. Jf. NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder.

Om ein ønskjer å unngå tap av myr og våtmark, både som karbonlager og som ein viktig ingrediens i overvasshandteringa, må ein vere svært bevisst på dette i oppfølginga av KPA.

Kommunen har allereie lagt inn omsynssoner ved vassdrag, som vil redusere risiko for skade ved flaum. Kommunen bør vidare vurdere om det er områder som kan bli meir utsette for overvasskader og flaum, ved inngrep i eksisterande vassveggar, eller tetting av overflatar, med den nye planen.

### **3.9 Samferdsel**

Bustadutvikling og næringsutvikling leggje føringar på transporttilhøva i kommunen. Fylkesrådmannen viser her til dei nasjonale måla som er nedfelt i Statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som vart vedteken i 2014. Hensikta er at planlegging av utbyggingsmønstre og transportsystem skal leggje til rette for mest mogleg effektiv og miljøvennleg transport slik at

transportbehova kan reduserast. Oppfølging av dei nasjonale målsettingane er innarbeid i regionale styringsdokument, til dømes i Regional transportplan for Hordaland og Kollektivstrategi for Hordaland.

Fylkesrådmannen registrerer at Radøy kommune legg vekt på fortetting av områder som allereie er utbyggt slik at eksisterande infrastruktur kan nyttast. Ein slik utvikling vil vere i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer og vi rår kommunen til å prioritere eit slikt utviklingsmønster høgt. Vi støtter kommunen i arbeidet med å legge til rette for fritid og turisme nord i kommunen og publikumsretta næring i tettstadane der folk bur.

I føresegna vert det stilt krav til byggegrensar mot veg som følgjer retningslinjene i *Rammeplan for avkørsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrensar for riks- og fylkesveg i Region vest 2017 – 2020*. Dette er positivt. Vidare stiller kommunen krav til at bustadområder med 15 bueiningar eller fleire skal ha dokumentert trygg veg til grunnskole og kollektivstopp. Dette er og eit formålstenleg krav i utviklinga av attraktive tettstader og satsinga på meir «urbane» miljø i kommunen, og i samsvar med krav i Regional areal- og transportplan for Bergendområdet.

#### 4. Oppsummering

Planforslaget som er på høyring er ikkje ei full rullering av kommuneplanen, men vert omtalt av kommunen som ein *delrevisjon*. Det betyr at ein ikkje har teke opp den fulle heilskapen av det ein kommuneplan vanlegvis omtalar, men har noen få utvalde tema som er gjenstand for revisjon. Vår sakshandsaming fokuserer difor på dei tema som er vald ut spesifikt for denne delrevisjonen. Eit av dei mest vesentlege endringstema i denne delrevisjonen er omgjerding av områder frå LNF til LNF-SBE (Spreitt bustad eksisterande). For å redusere dispensasjonssaker har ein no gjort analysar av LNF-område der det per i dag er lovlege eksisterande bustader, for så å endre arealkategori frå LNF til LNF-SBE. Framlegg til føresegner sikrar at dette *berre gjeld for eksisterande bustader*, og at viktige arealverdiar vert teke omsyn til.

Fylkesrådmannen registrerer at Radøy kommune legg vekt på fortetting av områder som allereie er utbyggt slik at eksisterande infrastruktur kan nyttast. Ein slik utvikling vil vere i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer og vi rår kommunen til å prioritere eit slikt utviklingsmønster høgt. Vi støtter kommunen i arbeidet med å legge til rette for fritid og turisme nord i kommunen og publikumsretta næring i tettstadane der folk bur.

Det er positivt at målsettingar om reduksjon av utslepp og tilpassing til eit endra klima står høgt på agendaen i planen. Vi ser likevel ikkje att desse målsettingane i det vidare arbeidet, og meiner det er viktig å konkretisere korleis planen kan vere med å bygge opp om desse.

Til dette revisjonsarbeidet er det gjort eit omfattande arbeid med kartlegging av den funksjonelle strandsona i kommunen. Ein har her teke omsyn til samspelet mellom sjø og land; både økologisk, estetisk, landskapsmesse og/eller bruksmesse. Det er i denne delrevisjonen ikkje sett av nye areal til føremål småbåthamner. Ved fastsetting av byggegrense mot sjø er prinsippa frå førre KPA vidareført, men byggegrensa er i tillegg justert i høve funna i strandsonen analysen. Fylkesrådmannen stiller seg og positiv til det omfattande arbeidet kommunen har gjort med kartlegging av den funksjonelle strandsona, og innarbeiding av dette grunnlaget i kommuneplanen som her er på høyring.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland har føresegn om handel og retningslinjer om arealbruk. Kommunen må ha føresegner om handel i kommuneplanen og vi ber på nytt om at sentrumsutstrekning vert definert og tydeleggjort i kommuneplanen. Fylkesrådmannen rår til at det vert knytt motsegn til krav om føresegner for handel.

Det er gjort ei endring til fleirbruksområda for sjøområda ved at det er lagt til ei føresegn som avgrensar akvakulturføremålet til berre å gjelde fortøyingar og ankerfeste til akvakulturanlegg. I høve til gjeldande plan

betyr dette at det ikkje kan etablerast akvakulturanlegg i fleirbruksområde. For akvakulturnæringa vil den nye føresegna bety at arealet ikkje er søkbart etter akvakulturlova. Dette er uheldig for dei anlegga som ligg i nærleiken til slikt areal. Fylkeskommunen stør likevel kommunen sitt framlegg då akvakulturnæringa har behov føreseielegheit i planar, og at planane er mest muleg tydleg, med minst muleg rom for tolking.

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i en heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapeleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal kulturminna vera ei ressurs og gje varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarven, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleving og verdiskaping.

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Fylkesrådmannen ser det som positivt at Radøy kommune har utarbeida og politisk vedtatt ein eigen kulturminneplan, og at denne er godt innarbeida i delrevisjonen av kommuneplanens arealdel. Radøy er rikt på fornminne og summen av arealkonflikt er liten. Fylkesrådmannen ser likevel at omsynet til dei automatisk freda kulturminna ikkje er tilstrekkelig innarbeidd i føresegner og plankart, og det er med bakgrunn i dette fremja forslag om motsegn til planframlegget, der det er strid med kulturminner av nasjonal interesse.